

Prioriteringskriterium	Vurderingselement Poengskala 1-5	Vekting 2025 (prioritering mellom kriterium)
Betring av breibandstilbod. Aksessar (hustandar og bedrifter) i søknaden med dekning mellom 0-100 Mbit/s som får auka hastigheit	Nye aksessar mellom 0-100 Mbit/s som får auka kapasitet: 1 poeng = 0-9 2 poeng = 10-34 3 poeng = 35-49 4 poeng = 50-74 5 poeng = 75 og over	55 %
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	Best mogeleg utnytting av tilgjengelege midlar, dvs. søkt støtte frå fylkeskommunen pr. aksess. 1 poeng = over 75 000,- 2 poeng = 50 000 – 75 000,- 3 poeng = 35 000-50 000,- 4 poeng = 20 000-35 000,- 5 poeng = under 20 000,-	25 %
Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering i %. Lokal medfinansiering består av midlar frå kommune, anleggsbidrag utover ordinær etableringskostnad for husstandar (som kommunane garanterer for), andre private bidrag (til dømes frå bedrifter), dugnad. Anleggsbidrag, andre private bidrag og dugnad må vere konkret og spesifisert i søknadane for å bli vurdert. 1 poeng = opp til 15% 2 poeng = 15-24% 3 poeng = 25-34% 4 poeng = 35-44% 5 poeng = over 45%	20 %

Det vert tatt ut utgangspunkt i adresselister frå nasjonal høyring, med kvalitetssikring og korrigeringar frå kommunane. Det er berre høve til å ta ut bygg frå den godkjente lista, ikkje legge til utan at dette er godkjent av Nkom.

Poengskalaen er basert på erfaringstal frå tidlegare års søknadar og prosjekt.

Prioriteringslista vil vere støtte for vurdering. Prinsippa vil vere grunnlag for prioritering av søknadar, men det vil bli gjort særskilde vurderingar av prosjekta knytt til:

- Om det er meir hensiktsmessig å vente til ny ordning i 2026
- Om prosjekt har ein kostnad per aksess som er urimeleg høg
- Det er ingen eller liten lokal finansiering av prosjekta

Slike saker vert drøfta og grunngjevne i politisk sak.